



Delårsrapport for 2.kvartal 2022



Kvartalsrapport for 2K 2022

Rekneskapsprinsipp

Valle Sparebank nyttar IFRS 9 som rekneskapsstandard. Delårsrekneskapsen er ikkje revidert.

Forvaltningskapital

Pr. 30.06.22 er forvaltningskapitalen på 2.170,3 mill. kroner. Dette er ein auke på 121,1 mill. kroner, eller 5,9 % samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Utlån

Brutto utlån er pr. 30.06.22 på 1.753,4 mill. kroner, som er ein vekst på 141,3 mill. kroner, eller 8,8 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Brutto utlån har auka med 69,8 mill. kroner sidan 31.12.21. Banken har ved utgangen av 2. kvartal formidla utlån gjennom Eika Boligkreditt på 707,8 mill. kroner, ein auke på 6,2 mill. kroner siste 12 mnd. Sidan nyttår er det ein nedgang på 6,6 mill. kroner

Innskot

Innskot frå kundar er pr. 30.06.22 på 1.735,4 mill. kroner, som er ein auke på 100,9 mill. kroner, eller 6,2 % samanlikna med same tidspunkt i fjor. Innskot frå kundar dekker 99 % av brutto utlån. Til same tid i fjor var tilsvarande forholdstal 101,9 %. Det har vore ein auke i innskot på 55,7 mill. kroner eller 3,3 % sidan 31.12.21.

Resultat av ordinær drift

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 30.06.22 er på 16,7 mill. kroner, som er 2,4 mill. kroner høgare enn til same tid i fjor. Rentenettoen utgjer 1,59 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, mot 1,42 % på same tidspunkt i fjor. Andre driftsinntekter er på 8,5 mill. kroner, som er ein nedgang på 0,36 mill. kroner samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Driftskostnader utgjer 15,7 mill. kroner, som er ein auke på 1,5 mill. kroner i forhold til same periode i fjor. Av dette er 6,62 mill. kroner løn og andre personalkostnader mot 6,68 mill. kroner for same periode i fjor.

Resultat før skatt viser eit overskot på 9,141 mill. kroner, mot eit overskot på 8,943 mill. kroner på same tid i fjor. Resultat av ordinær drift etter skatt viser eit overskot på 7,721 mill. kroner mot 6,564 mill. kroner på same tid i fjor. Etter ei positiv verdijustering på aksjar målt til verkeleg verdi over utvida resultat på 5,456 mill. kroner, viser totalresultatet eit overskot på 13,177 mill. kroner. Til samanlikning viste totalresultatet eit overskot på 3,815 mill. kroner på same tid i fjor.

Kredittap

Det er kostnadsført 0,387 mill. kroner på kredittap på utlån og garantiar. I fjor på same tid var det ei kostnadsføring på 1,159 mill. kroner.

Kapitaldekning

Banken har ein netto ansvarleg kapital på 207,1 mill. kroner ved utgangen av 2. kvartal 2022. Dette gjev ei kapitaldekning på 21,59 % utan at årets overskot er lagt til bankens ansvarlege kapital. Konsolidert kapitaldekning er 20,32 %.

Utsikter for resten av året

Rentemarginen har auka i høve til på same tid i fjor på grunn av auke i rentenivået. Norges Bank har sidan september 2021 sett opp styringsrenta til 1,25%. Norges Bank har varsla fleire rentehevingar i tida framover. Det går framleis godt i norsk økonomi.

Med høg inflasjon og krigen i Ukraina er det usikkerheitsmoment også i tida som kjem.

Banken har så langt i år hatt god aktivitet, både på utlånssida og på forsikringsområdet. Men det er framleis hard konkurranse om kundane.

Resultat av underliggende drift er så langt i tråd med styrets forventningar.

Valle, 15.august 2022

Anne Gjerden (sign)
(styreleiar)

Knut Inge Hovet (sign)
(nestleiar)

Elisabeth B. Spockeli (sign)

Kent M. Lund (sign)

Tor Arild Rysstad (sign)
(tilsettere representant)

Jostein Rysstad (sign)
(adm.banksjef)



Resultatrekneskap

<i>Ordinært resultat - Tal i tusen kroner</i>	Note	2. kv. 2022	2. kv. 2021	01.01.- 30.06.2022	01.01.- 30.06.2021	2021
Renteinntekter fra egedelar vurdert til amortisert kost		12.300	10.049	23.581	20.027	41.276
Renteinntekter fra øvrige egedelar		860	434	1.506	832	1.742
Rentekostnader og liknande kostnader		4.512	3.304	8.354	6.572	12.978
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		8.648	7.179	16.733	14.287	30.040
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		2.984	3.197	6.296	6.548	13.814
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		372	370	807	777	1.579
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		3.386	2.741	3.461	2.802	3.379
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrumenter	Note 6	-378	-27	-603	155	-79
Andre driftsinntekter		62	51	127	108	227
Netto andre driftsinntekter		5.682	5.592	8.474	8.836	15.762
Løn og andre personalkostnader		3.015	3.132	6.629	6.679	13.577
Andre driftskostnader		4.204	3.337	8.553	7.044	15.349
Avskrivinger og nedskrivinger på varige og immaterielle egedelar		249	240	497	457	997
Sum driftskostnader		7.468	6.709	15.679	14.180	29.923
Resultat før tap		6.862	6.062	9.528	8.943	15.879
Kreditttap på utlån, garantier og renteberende verdipapir	Note 4	421	492	387	1.159	1.625
Resultat før skatt		6.441	5.570	9.141	7.784	14.254
Skattekostnad		1.454	723	1.420	1.220	2.883
Resultat av ordinær drift etter skatt		4.987	4.847	7.721	6.564	11.371
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi over utvida resultat	Note 6	-2.810	-3.138	5.456	-2.749	813
Sum postar som ikkje vil bli klassifisert over resultatet		-2.810	-3.138	5.456	-2.749	813
Totalresultat		2.177	1.709	13.177	3.815	12.184

Balanse - Egedelar

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Kontantar og kontantekvivalentar		43.373	2.431	43.545
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar og fordringar på sentralbankar		60.230	116.666	60.314
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi		0	0	0
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	Note 3	1.748.350	1.602.695	1.679.218
Renteberande verdipapir	Note 6	193.875	202.368	201.910
Finansielle derivat		0	0	0
Aksjar, andelar og andre egenkapitalinstrument	Note 6	101.824	101.744	95.540
Immaterielle egedelar		0	0	0
Varige driftsmidlar		15.935	16.442	15.996
Andre egedelar		6.681	6.790	6.505
Sum egedelar		2.170.268	2.049.136	2.103.028

Balanse - Gjeld og egenkapital

<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Innlån frå kredittinstitusjonar		105.778	105.564	105.731
Innskott frå kundar		1.735.355	1.634.463	1.679.608
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	Note 7	50.031	49.996	50.019
Finansielle derivat		0	0	0
Anna gjeld		9.039	11.473	7.831
Andre avsetningar		4.685	4.291	2.825
Sum gjeld		1.904.888	1.805.787	1.849.788
Opptent egenkapital		257.659	236.785	253.240
Periodens resultat etter skatt		7.721	6.564	0
Sum egenkapital		265.380	243.349	253.240
Sum gjeld og egenkapital		2.170.268	2.049.136	2.103.028

EIGENKAPITALOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	Opptent egenkapital						Sum egenkapital
	Sparebankens fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Fond for vurderingsforskjeller	Fond for urealiserte gevinster	Anna opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2021	233.651	0	5.346	0	14.243	0	253.240
Resultat etter skatt	7.721				5.456		13.177
Totalresultat 30.06.2022	7.721	0	0	0	5.456	0	13.177
Utbetaling av gaver			-1.037				-1.037
Eigenkapital 30.06.2022	241.372	0	4.309	0	19.699	0	265.380
Eigenkapital 31.12.2020	221.623	0	5.439	0	13.465	0	240.527
Resultat etter skatt	6.564				-2.748		3.816
Totalresultat 30.06.2021	6.564	0	0	0	-2.748	0	3.816
Utbetaling av gaver			-994				-994
Eigenkapital 30.06.2021	228.187	0	4.445	0	10.717	0	243.349

Nøkkeltal

Nøkkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert	2.kvartal 2022	2.kvartal 2021	Året 2021
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	1,59 %	1,44 %	1,46 %
Kostnader i % av inntekter justert for VP	60,75 %	61,13 %	65,22 %
Kostnadsvekst siste 12 mnd	10,57 %	4,26 %	-0,68 %
Eigenkapitalavkastning etter skatt (annualisert)	6,05 %	5,56 %	4,61 %
Andel utlån til BM av totale utlån på balansen	9,62 %	11,50 %	10,07 %
Innskotsdekning	98,97 %	101,90 %	99,76 %
Kapitaldekning	21,59 %	20,74 %	22,04 %
Kjernekapitaldekning	21,59 %	20,74 %	22,04 %
Rein kjernekapitaldekning	21,59 %	20,74 %	22,04 %
Uvekta kjernekapital	9,52 %	9,79 %	10,08 %
Konsolidert med Eika Gruppen og Eika Boligkreditt			
Kapitaldekning	20,32 %	19,77 %	20,67 %
Kjernekapitaldekning	19,83 %	19,27 %	20,18 %
Rein kjernekapitaldekning	19,44 %	18,87 %	19,78 %
Uvekta kjernekapital	8,13 %	8,13 %	8,54 %
LCR	191	157	178
NSFR	137	143	140

Noter til rekneskapen

Note 1 – Rekneskapsprinsipp og viktige estimat og skjønsmessige vurderingar

Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen pr.30.06.2022 er utarbeidd i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak kapittel 8, her under IAS 34 Delårsrapportering. Det er i forskrifta gitt unntak for kravet om å utarbeide kontantstraumoppstilling, og banken har brukt dette unntaket. Kvartalsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande IFRS standardar og IFRIC fortolkingar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2021.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må nytte estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimater og skjønsmessige vurderingar vert løypande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta. I årsrekneskapen er det gjort nærare reie for kritiske estimat og vurderingar som gjeld bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er angitt. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Bankens rekneskapsføring av forventa kredittap

Ved vurdering av forventa kredittap skal bankane ta høgde for dei aktuelle forholda på rapporteringstidspunktet og forventningane til den økonomiske utviklinga. Nedskrivning vert rekna ut på grunnlag av utviklinga i kundane si risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper (PD og LGD). Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makroforhold) som enno ikkje har fått effekt på den nemnde risikoklassifiseringa ved vurdering av nedskrivingsbehov på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for utrekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, her under sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling.

Det er for tida stor uvisse om dei økonomiske forholda og utsiktene. Det medfører at bankens tapsnedskrivningar for kundar i både trinn 1, 2 og 3 må baserast på nye scenario og føresetnader. Det er tatt omsyn til om kundane også etter ei normalisering, og på lengre sikt, vil vere negativt påverka. Bankane har konkret vurdert om utlåna til kundane har indikasjon på auka kredittisiko eller om utlåna har vorte kredittforringa med utgangspunkt i at det vil vere bransjar og kundesegment som må forventast å verte ramma ekstra hardt. Vurderingane er gjennomført på både individuelt nivå (større engasjement og utsette engasjement) og gruppenivå og ved bruk av skjøn.

Banken gjev pantelån der verdien av sikkerheitsobjekta i form av fast eigedom er eit vesentleg kritisk estimat ved utrekning av forventa kredittap. Utviklinga i verdien på pantobjekta på kort og lang sikt er forbunde med usikkerheit. Banken har ved utrekninga av forventa kredittap vurdert engasjementa som er mest utsett for verdifall grunna blant anna pantobjektets tilstand og plassering. Banken har hatt særleg fokus på vurdering av engasjement i den del av utlånsmassen som har høgaste gjeldsgrad og/eller er mest utsett for bortfall av betjeningsevne.

I dei tilfelle engasjementet er vurdert til å ha auka kredittisiko, eller er merka «forbearance», er engasjementet migrert til steg 2. I tilfelle der det er de er avdekka objektive teikn på verdifall er engasjementet migrert til steg 3. Det er eit fåtal av bankens bedriftskundar som har mottatt vesentlege midlar frå støtteordningar, og tapsutrekninga er med dette i mindre grad påverka av slike støtteordningar.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

Verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje vert handla i ein aktiv marknad, vert fastsett med å bruke ulike verdsettingsteknikkar. I desse vurderingane søker banken i størst mogleg grad å basere seg på marknadstilhøva på balansedagen. Dersom det ikkje er observerbare marknadsdata vert det vurdert korleis marknaden vil prise instrumentet, for eksempel basert på prising av tilsvarende instrument. I verdsettingane vert det kravd utstrekt bruk av skjøn, blant anna ved vurdering av kredittisiko, likviditetsrisiko og volatilitet. Ei endring i ein eller fleire av disse faktorane kan påverke fastsett verdi for instrumentet. Det er større uvisse enn elles i verdsettinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3.

IFRS 16 – Leiekontraktar

Standarden IFRS 16 gjeld alle leigeavtalar og trådde i kraft 1.januar 2019. I forbindelse med overgangen til IFRS frå 1. januar 2020 kunne dei unoterte bankane unnlate å bruke IFRS 16 for rekneskapsåret 2020 i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak. Banken implementerte difor IFRS 16 frå 1.januar 2021. Ved implementeringa av IFRS 16 vert leigeforpliktinga målt til noverdien av framtidige leigebetalingar og bruksrettseigedelen vert sett lik leigeforpliktinga.

For leigeavtalar som vert iverksett etter implementeringa 1.januar 2021 vil bruksrettseigedelen bli målt til kostpris. I etterfylgjande periodar vil leigeforpliktinga aukast for å spegle renta medan utførte leigebetalingar reduserer balanseført verdi av leigeforpliktinga. Rentene vert ført som rentekostnadar i resultatrekneskapen og bruksrettseigedelen vert avskriva over leigeperioden. Banken har leige av lokal i Kristiansand som vart balanseført ved innføring av IFRS 16 1.januar 2021.

Banken har vurdert å nytte fylgjande prinsippval i standarden:

- Unntak for leigeavtalar med låg verdi og unntak for leigeavtalar med kort tidshorisont (kortsiktige leigeavtalar under 12 månadar). Leigebetalingane vert då rekna som ein kostnad lineært over leigeperioden.
- Unntak for endring av samanliknbare tal ved overgang til IFRS 16.

Bruksrettseigedelen er presentert saman med andre driftsmidlar/anleggsmidlar i balanseoppstillinga. Leigeforpliktinga er presentert på linja for anna gjeld. Implementering av IFRS 16 har ikkje hatt nokon innverknad på bankens eigenkapital per 1 januar 2021.

Bruksretten er tildelt risikovekt på 100 prosent, og verknaden på rein kjernekapital var uvesentleg ved implementering.

Note 2 – Kredittforringa engasjement**Misleghald over 90 dagar**

	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknaden	4.026	6.067	5.230
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknaden	0	2.958	0
Nedskrivningar i steg 3	-461	-4.399	-252
Netto misleghaldne engasjement	3.565	4.626	4.978

Andre kredittforringa

	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	2.354	4.313	2.389
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	0	3.995	0
Nedskrivningar i steg 3	-2.150	-3.508	-2.176
Netto andre kredittforringa engasjement	204	4.800	213

Note 3 – Utlån og fordringar på kundar, fordelt på sektor og næring

	30.06.22	30.06.21	31.12.21
Landbruk	15.820	8.330	5.669
Industri	19.162	24.032	23.055
Bygg, anlegg	37.083	50.229	38.013
Varehandel	10.632	15.306	10.602
Transport	0	2.523	0
Eigedomsdrift etc	76.059	74.583	87.446
Anna næring	10.030	10.254	4.709
Sum næring	168.786	185.257	169.494
Personkundar	1.584.642	1.426.881	1.514.125
Brutto utlån	1.753.428	1.612.138	1.683.619
Steg 1 nedskrivningar	-881	-1.087	-926
Steg 2 nedskrivningar	-1.586	-449	-1.047
Steg 3 nedskrivningar	-2.611	-7.907	-2.428
Netto utlån til kundar	1.748.350	1.602.695	1.679.218
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	711.925	701.641	714.374
Totale utlån inkl. portefølje i EBK	2.460.275	2.304.336	2.393.592

Note 4 – Nedskrivningar og tap

Etter IFRS 9 er bankens utlån til kundar, unytta kredittar og garantiar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningsstidspunktet samanlikna med sannsyn for misleghald på balansedagen. Fordeling mellom steg vert føreteke for det enkelte lån eller engasjement.

Tabellane under spesifiserer endringane i periodens nedskrivingar og brutto balanseførte utlån, garantiar og unyttta trekkrettar for kvart steg, og inkluderer følgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittisiko, frå 12 månaders forventa kredittap i steg 1 til kredittap over forventa levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivingar ved utferding av nye utlån, unyttta kredittar og garantiar
- Reduksjon i nedskrivingar ved frårekning av utlån, unyttta kredittar og garantiar
- Auke eller reduksjon i nedskrivingar som skuldast endringar i inputvariable, utrekningsføresetnader, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskontering.

31.03.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2022	471	711	2.428	3.610
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	2	-37	0	-35
Overføringer til steg 2	-9	198	0	189
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivingar på nye utlån utbetalt i året	11	3	10	24
Utlån som er frårekna i perioden	-15	-33	-4.646	-4.694
Konstaterte tap			4.627	4.627
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-2	-6	10	1
Andre justeringar	34	0	-11	24
Nedskrivingar personmarknaden pr. 31.03.2022	492	836	2.417	3.745

31.03.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	1.417.914	88.591	7.619	1.514.125
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	9.197	-9.197	0	0
Overføringer til steg 2	-30.922	30.922	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	98.692	731	0	99.423
Utlån som er frårekna i perioden	-57.600	-7.821	-1	-65.421
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til personmarknaden pr. 31.03.2022	1.437.282	103.226	7.619	1.548.127

31.03.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivingar på utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivingar pr. 01.01.2022	456	336	0	792
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	1	-77	0	-76
Overføringer til steg 2	-5	19	0	14
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivingar på nye utlån utbetalt i året	9	6	0	15
Utlån som er frårekna i perioden	-13	-5	-9	-27
Konstaterte tap			9	9
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-32	177	0	145
Andre justeringar	22	0	0	22
Nedskrivingar bedriftsmarknaden pr. 31.03.2022	438	455	0	894

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Brutto utlån til kundar - bedriftsmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto utlån pr. 01.01.2022	140.028	29.467	0	169.495
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	4.137	-4.137	0	0
Overføringer til steg 2	-21.851	21.851	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye utlån utbetalt	17.175	0	0	17.176
Utlån som er frårekna t i perioden	-8.492	-9.143	0	-17.635
Konstaterte tap				0
Brutto utlån til bedriftsmarknaden pr. 30.06.2022	130.997	38.038	0	169.035

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivningar pr. 01.01.2022	100	228	0	328
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	6	-200	0	-193
Overføringer til steg 2	-3	2	0	-2
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nedskrivningar på nye kredittar og garantiar	6	9	0	15
Nedskrivningar på unyttå kredittar og garantiar som er frårekna i perioden	-44	-3	0	-47
Endra eksponering eller endringar i modell eller risikoparametre	-27	21	0	-6
Andre justeringar	23	0	26	49
Nedskrivningar pr. 30.06.2022	62	57	26	144

30.06.2022	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Unyttå kredittar og garantiar	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Brutto balanseførte engasjement pr. 01.01.2022	75.534	13.679	0	89.213
Overføringer:				
Overføringer til steg 1	7.556	-7.556	0	0
Overføringer til steg 2	-175	175	0	0
Overføringer til steg 3	0	0	0	0
Nye/endra unyttå kredittar og garantiar	40.841	2	0	40.843
Engasjement som er frårekna t i perioden	-20.841	-1.565	0	-22.406
Brutto balanseførte engasjement pr. 30.06.2022	102.915	4.735	0	107.650

Resultatførte tap på utlån, kredittar og garantiar	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Endring i perioden i steg 3 på utlån	209	-381	-5.885
Endring i perioden i steg 3 på garantier	0		
Endring i perioden i forventa tap steg 1 og 2	300	-395	170
Konstaterte tap i perioden, der det tidlegere er føreteke nedskrivningar i steg 3	0	1.779	4.700
Konstaterte tap i perioden, der det ikkje er føreteke nedskrivningar i steg 3	0	156	2.913
Periodens inngang på tidlegare perioders nedskrivningar	-122	0	-273
Tapskostnader i perioden	387	1.159	1.625

Note 5 - Segmentinformasjon

Banken utarbeider rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som vert fylgt opp av bedriftskundeavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter bankens vurdering er det ikkje vesentlege skilnadar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gjev lite tilleggsmasjon.

RESULTAT	30.06.2022				30.06.2021				2021			
	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Netto renteinntekter	14.956	3.085	-1.308	16.733	13.015	2.468	-1.196	14.287	27.351	4.931	-2.242	30.040
Utbytte/resultat andel tilkn. selskap			3.461	3.461			2.802	2.802			3.379	3.379
Netto provisjonsinntekter	5.118	563	-192	5.489	5.078	693	0	5.771	11.213	1.022	0	12.235
Inntekter verdipapir			-603	-603			155	155			-79	-79
Andre inntekter			127	127			108	108			227	227
Sum andre driftsinntekter	5.118	563	2.793	8.474	5.078	693	3.065	8.836	11.213	1.022	3.527	15.762
Løn og andre personalkostnader			6.629	6.629			6.679	6.679			13.577	13.577
Avskrivningar på driftsmidlar			497	497			7.044	7.044			997	997
Andre driftskostnader			8.553	8.553			457	457			15.349	15.349
Sum driftskostnader før tap på utlån	0	0	15.679	15.679	0	0	14.180	14.180	0	0	29.923	29.923
Tap på utlån	292	95		387	0	0	1.159	1.159	1.113	512	0	1.625
Gevinst aksjer				0				0				0
Driftsresultat før skatt	19.782	3.553	-14.194	9.141	18.093	3.161	-13.470	7.784	37.451	5.441	-28.638	14.254
BALANSE	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total	PM	BM	Ufordelt	Total
Utlån og fordringar på kundar	1.584.642	168.786		1.753.428	1.426.881	185.257		1.612.138	1.510.515	168.702		1.679.218
Innskot frå kundar	1.301.367	433.988		1.735.355	1.129.260	505.203		1.634.463	1.172.837	506.771		1.679.608

Note 6 - Verdipapir

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

- **Nivå 1** - Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske egedelar og forplikningar
- **Nivå 2** - Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske egedelar eller forplikningar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk, egedel eller forplikning
- **Nivå 3** - Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Bankens verdsettingsmetoder maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapets egne estimat.

30.06.2022				Sum
Verdsettingshierarki for verdipapir, til verkelig verdi.	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Totalt
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultatet		193.875		193.875
Aksjar og andelar til verkelig verdi over resultatet			29.770	29.770
Aksjar til verkelig verdi over andre inntekter og kostnader			72.054	72.054
Sum	-	193.875	101.824	295.699

Avstemming av nivå 3	Verkeleg verdi over andre kostnader og inntekter	Verkeleg verdi over resultatet
Inngående balanse 01.01	65.821	29.719
Realisert gevinst/tap	-	(145)
Urealisert gevinst/tap ført mot resultatet	-	(145)
Urealisert gevinst/tap ført mot utvida resultat	5.456	
Investering	777	196
Sal	-	-
Utgåande balanse	72.054	29.770

Note 7 – Verdipapirgjeld

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010831936	12.09.2018	12.09.2023	50.000	50.031	49.989	50.019	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
Sum gjeld ved utferdig av verdipapir				50.031	49.989	50.019	

Endringar i verdipapirgjeld i perioden	Balanse 31.03.2022	Emitert	Forfalt/ innløyst	Andre endringar	Balanse 30.06.2022
Obligasjonsgjeld	49.989	0	0	42	50.031
Sum gjeld stifta ved utferdig av verdipapir	49.989	0	0	42	50.031

Note 8 – Kapitaldekning

	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Sparebankens fond	233.651	221.623	233.651
Gåvefond	4.309	4.445	5.346
Fond for urealiserte gevinstar	14.243	10.717	14.243
Sum egenkapital	252.203	236.785	253.240
Immaterielle eiendeler	0	0	0
Frådrag i ren kjernekapital	-45.083	-41.860	-43.924
Ren kjernekapital	207.120	194.925	209.316
Frådrag i kjernekapital	0	0	0
Sum kjernekapital	207.120	194.925	209.316
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0
Sum tilleggskapital	0	0	0
	0	0	
Netto ansvarleg kapital	207.120	194.925	209.316

	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Eksponeringskategori (vekta verdi)			
Statar	0	0	0
Lokal regional myndigheit	14.222	14.833	14.227
Offentleg eigde føretak	0	0	0
Institusjonar	4.205	21.156	18.774
Føretak	33.089	31.465	26.755
Massemarknad	0	0	0
Pantesikkerheit eigedom	663.573	626.133	641.078
Forfalte engasjement	3.807	7.623	5.191
Høgrisikoengasjement	29.105	44.402	39.179
Obligasjonar med føretrinnsrett	8.310	8.159	8.147
Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	11.403	0	0
Andelar verdipapirfond	6.031	8.928	6.148
Eigenkapitalposisjonar	25.207	23.015	24.390
Øvrige engasjement	77.305	76.086	83.290
CVA-tillegg	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko	876.257	861.800	867.179
Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	83.039	78.194	82.729
Berekningsgrunnlag	959.296	939.994	949.908
Kapitaldekning i %	21,59 %	20,74 %	22,04 %
Kjernekapitaldekning	21,59 %	20,74 %	22,04 %
Rein kjernekapitaldekning i %	21,59 %	20,74 %	22,04 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	9,52 %	9,63 %	10,08 %

Frå 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper. Banken har en eierandel på 0,45 % i Eika Gruppen AS og på 0,79 % i Eika Boligkreditt AS.

	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Rein kjernekapital	247.565	236.222	250.276
Kjernekapital	252.515	241.201	255.260
Ansvarleg kapital	258.748	247.474	261.534
Berekningsgrunnlag	1.273.193	1.251.957	1.264.997
Kapitaldekning i %	20,32 %	19,77 %	20,67 %
Kjernekapitaldekning	19,83 %	19,27 %	20,18 %
Rein kjernekapitaldekning i %	19,44 %	18,87 %	19,78 %
Uvekta kjernekapitalandel i %	8,13 %	8,13 %	8,54 %